BONDEVENNEN 120 ÅR

# Mentalt tollvern – igjen

12. oktober 2018 | Leiarar




**Gilde relanserte** nyleg kjøttdeigpakken sin med ein utvitydig bodskap i store, raude bokstavar. «Alltid norsk kjøttdeig». Stuntet er mellom anna meint å gjera det lettare for forbrukaren å velja norsk, midt i den veksande farsen av daglegvarakjedane sine eigne merkevarer.

**Tiltaket** er heilt på sin plass og kan gjerne kopierast av andre som stolt produserer på norske råvarer. Kvifor er opplagt.

**Med den siste** utvidinga av handelsavtala med EU, som vart gjeldande 1.oktober, utgjer den samla kvoteimporten på kjøt nær 7800 tonn storfe, ca. 2900 tonn svin, over 1200 tonn småfe og i overkant av 1500 tonn fjørfe.
Importkvotane for ost er oppe i over 8400 tonn. Det svarar til mengda mjølk som blir produsert på omlag 470 norske gjennomsnittsbruk.

**Noreg har i dag** 27 frihandelsavtalar med 38 land gjennom EFTA. I desse dagar forhandlar me i tillegg om nye avtalar som omfattar 14 land, mellom andre Brasil, Argentina, Uruguay og Paraguay i frihandelsamarbeidet MERCOSUR. Skulle me få ein avtale med MERCOSUR, samt med Kina, vil den sannsynlegvis innebera at fem av dei seks største landbruksvareeksportørane i verda får betre tilgang til den norske marknaden.

**Det seier seg sjølv** at slike avtalar undergrev optimal marknadsavsetting og prisfor den norske bonden. Leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, omtalar konsekvensane av kvoteimporten i klare ordelag i Nationen: tapt verdiskaping, tapte arbeidsplassar, utfordringar i marknaden og redusert sjølvforsyning.

**Avtalar treng me** for å sikra avsetting for norske produkt i utlandet, samt for import av varer me ikkje kan produsera sjølve. Problemet er skeiv balanse mellom partane. I dag importerer Noreg seks gonger meir frå EU enn me eksporterer.

**Dette handelsregimet** har Noreg forplikta seg til. Det er ikkje berre å boikotte kvoteimporten. EU og WTO ville reagere om me med overlegg og over tid freista å forpurre avtalane.

**Men kva om Nortura** og andre importørar held seg for gode til å ta inn småfe og svin, inntil me fekk bukt med overproduksjonen? Det er ikkje utenkjeleg at handelspartnarane våre ville forstå. I namnet åt den norske bonden og den nasjonale verdiskapinga er slikt atterhald verdt eit forsøk. Det heiter trass alt frihandelsavtale. Ikkje tvang.

**Når importen veks** skuldast det sjølvsagt også at den går unna i marknaden. Når eit svakt importvern i verste fall bidreg til å undergrava måla om matsikkerheit, auka verdiskaping og berekraftig matproduksjon, må bonden og forbrukaren skjerpe den matpatriotiske sansen.

**Igjen er det** på sin plass å appellera til det mentale tollvernet. Så langt det er mogleg: vel norsk, og oppmod alle andre om å gjera det same.

*Bothild Å. Nordsletten*

Bondevennen SA, Pb 208, sentrum, 4001 Stavanger | **Personvern og cookies regler**